



## Invitasjon til foreldremøte for barnehage og skule i Sør-Fron

### Tema: Foredrag med Ingrid Grimsmo Jørgensen

Måndag 9. april kl. 19 – 20.30

### Kulturhuset på Sør-Fron ungdomsskule

Ingrid G. Jørgensen er utdanna pedagog og arbeider ved høgskulen i Innlandet. Ho er ein lokal foredragshaldar med stort engasjement og kunnskap kring tema som omhandlar barn si utvikling og læring, konflikthandtering og mobbing. Barnehagane og skulane i Sør-Fron deltek for tida i utviklingsprosjektet «Inkluderande barnehage og skulemiljø», som er ei nasjonal satsing frå utdanningsdirektoratet. Barnehage/ skule og heim er viktige samarbeidspartnarar både når det gjeld førebygging og avdekking av krenkingar og mobbing. Barnet/ eleven er heilt avhengige av at «vi» dreg lasset i lag om vi skal klare å sørge for at alle får ein trygg og god oppvekst!

#### Tema for kvelden:

Førebygging og handtering av krenkingar og mobbing – vaksenrolla og samarbeidet mellom heim – barnehage/ skule.

Det vil bli servert kaffi og kringle i forkant av foredraget, ca. kl. 18.30. Vel møtt!

---

**Påmelding:** Vi treng oversikt over kor mange som kjem. Fyll ut namnet ditt og kor mange som kjem frå din husstand, lever til barnehage eller skule innan 23. mars 2018:

Set kryss:

KJEM

KJEM IKKJE

Namn:..... Antal: .....